



SULA KOMMUNE


Hovudplan for avløp 2011-2021

Samandragsrapport

BAKGRUNN

Kommunedelplan for avløp er ei revidering av hovudplan avløp frå 1997. Kommunedelplan avløp er utarbeida i samsvar med vedtatt planprogram, og blei lagt ut til offentleg ettersyn i perioden 7.3. - 19.5.2011.

Etter høyringsrunden blei kommunedelplan avløp revidert i tråd med innkomne merknader. Oppdatert plan danna grunnlag for 2. gangs behandling og endeleg planvedtak i Sula kommunestyre 10.5.2012.



Endeleg vedtak K-039/12 i Kommunestyret 10.5.2012:

Kommunestyret godkjenner strategi 4 som grunnlag for ferdigstilling av kommunedelplan for avløp. Strategi 4 inneber at ein rustar opp eksisterande reinseanlegg RA1 i Langevåg og forlenger utsleppsleidningen til nordaust for Æhammarsvika, overfører U2 til nytt reinseanlegg RA14 ved Sunde og etablerer slamavskiljar ved U3 Eikrem og U11 Sulebust.

Det er viktig at arbeidet med tilkopling til avløpsleidning held fram slik som skissert i planen. Det er viktig å ta omsyn til vanndirektivet sine krav til miljøtilstand og til fiskeindustrien ved prioritering av stader for sanering.

Realisering av tiltaka i planen vert å drøfte og vedta i samband med årleg behandling av budsjett og aktivitetsplanar. På same måte vil detaljar rundt lokalisering av einskilde tiltak kunne drøftast i eigne saker.


RAMMEVILKÅR

EU sitt rammedirektiv for vatn, vassforskrifta og forureiningsforskrifta gir overordna rammer for kommunen sitt ansvar for handtering av kommunalt avløpsvatn. Rammedirektivet for vatn deler landet inn i 11 vassregionar. Møre og Romsdal er ein vassregion. Det er etablert eit vassregionutval som blir leia av Fylkesdirektøren, og som elles er sett saman av representantar frå nokre av kommunane i regionen i tillegg til aktuelle sektorstyresmakter.

Forureiningsforskrifta definerer kommunen sitt ansvar både som eigar av avløpssystem og reinseanlegg, og som forureiningsmyndighet.

Kommunen er forureiningsmyndighet for utslepp opp til 10.000 personeiningar (pe) ved utslepp til sjø, og opp til 2.000 pe ved utslepp til ferskvatn (kap. 13). Fylkesmannen er forureiningsmyndighet for utslepp større enn 10.000 pe til sjø, og for utslepp større enn 2.000 pe til ferskvatn (kap. 14).

I uttale datert 18.5.2011 frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal til kommunedelplan avløp, blir det peika på at reinsekrap for dagens utslipp frå det som er omfatta av «Ålesund tettstad» er sekundærreinising med eventuelt unntak til primærrensing i samband med vilkår gitt i utsleppsløyve. Sula kommune må på grunnlag av endeleg kommunedelplan for avløp utarbeide søknad om utsleppsløyve for dei utsleppa som blir omfatta av kapittel 14 i forureiningsforskrifta. Siste frist for å bygge sekundærreinseanlegg eller ev. primærreinseanlegg etter kapittel 14 er 31.12.2015.



MÅL

MILJØMÅL FOR SJØOMRÅDER OG VASSDRAG

Sjøområder:

- Vasskvaliteten skal vere slik at kystsonen er godt eigna for bading, rekreasjon og fritidsfiske
- Alle naturlige vassførekomstar skal ha god økologisk og god kjemisk tilstand
- Vassførekomsten skal ha tilstrekkelig resipientkapasitet
- Vassførekomsten skal ikkje ha skadelege algeoppblomstringar
- Vassførekomsten skal ikkje ha menneskeskapt øksygensvinn i djupvatnet
- Vassførekomsten skal ikkje ha skadelege innhald av miljøgifter
- Vassførekomsten skal ikkje ha eutrofieringseffektar i strandsonen

Vassdrag:

- Bekker og vatn skal ha vasskvalitet som eignar seg for : Landbruksvatning, friluftsliv, rekreasjon og fiske
- Forureiningsbelastninga frå utslepp skal ikkje overskride vassdraget eller vatnet si sjølvreinsekapasitet
- Vassførekomsten skal ikkje vere eutrof
- Vassførekomsten skal ha god rekruttering og produksjon av laks, aure og andre fiskeslag

MÅL FOR AvløpSSEKTOREN

Kommunale anlegg:

- Det skal vere eit utskiftingstempo og vedlikehald av avløpsanlegg som sikrar at dagens tekniske standard tas vare på
- Alle avløpsanlegg skal som eit minimum ha ein kvalitet som tilfredsstiller gjeldande normer og regler
- Kommunen skal ha oversikt over alle overløp og eit system for å beregne eller registrere driftstid for utslepp frå overløp
- Kapasiteten på avløpssystemet skal vere så god at overfløyming skjer sjeldnare enn kvart 20. år i boligområder
- Det skal utarbeidast ein plan for opprusting av kommunale pumpestasjonar i tråd med gjeldande kommunal standard for utforming av og utstyr i stasjonane



Foto: Are Johansen

Nytt VA-anlegg i Sandvikvegen

MÅL

Utslepp:

- Kommunale utslepp i tilknytning til badeplassar, båtplassar og inntak for sjøvatn bør unngås
- Innan år 2021 skal alle direkteutslepp sanerast
- Skadelege utslepp av tungmetall og miljøgifter til recipient skal unngås

Overvatn:

- Kommunen skal arbeide etter gjeldane retningsliner og normer, som tar omsyn til klimaendringar og forventa auke i nedbørsintensitet, når det gjeld dimensjonering av system for handtering av overvatn
- For å unngå store røyrsystem og unødvendig pumping eller utslepp frå overløp, skal overvatn så langt det er kostnadsmessig og miljømessig forsvarleg, først direkte til recipient

Næringsutvikling:

- Avløpssystemet skal i størst mulig grad leggje til rette for ønska næringsutvikling

Drift og vedlikehald:

- Hovudtyngda av aktivitetane innan drift og vedlikehald skal vere førebyggjande og planlagde
- Kommunen skal ha oversikt over fett- og oljeutskiljarar i kommunen og utarbeide rutinar for tilsyn av disse
- Kommunen skal ha oversikt over alle industripåslepp og ved behov utarbeide påsleppsavtalar
- Kommunen skal ha eit oppdatert IK-system for avløpsanlegg
- Kommunen skal ha ein oppdatert beredskapsplan

- Kommunen skal ha ein oppdatert database for leidningsnettet
- Kommunale avløpsanlegg skal utformast slik at helse, miljø og sikkerhet for driftspersonell tas vare på

Kundeservice:

- Ved akutte utslepp til vatn og vassdrag skal abonnenten varslast så fort som mulig
- Nye abonnementar skal kunne finne kommunal forskrift om vatn- og avløpsavgifter, gjeldande prisliste og informasjon om avløpstenestene på kommunen sine nettsider
- Kommunen skal drive aktivt informasjonsarbeid via internett og lokalavis
- Kommunen skal svare på spørsmål om driftsproblem seinast innan 4 veker

Private avløpsanlegg:

- Avløp frå boligar eller hytter med slamavskiljar skal registrerast og tömmast regelmessig
- Avløp frå boligar eller hytter med separate avløpsanlegg skal ikkje føre til hygieniske problem eller til at recipienten overskrider si tålegrense
- Sula kommune skal jobbe mot at eksisterande og framtidig busetnad i størst mulig grad blir knytta til det kommunale avløpssystemet

Organisering og finansiering:

- Dei kommunale vatn- og avløpsanlegga skal forvaltas kostnadseffektivt. Alle kostnader skal dekkast over gebyr, og skal såleis vere sjøvfinansierande. Målet inneber at gebyra blir halde så låge som mulig innafor rammene definert av omsynet til miljø og abonnementane sine krav til kvalitet og service

SITUASJONEN I DAG

RESPIENTAR



Foto: Morten Ugelvik

Storfjorden (www.sula.kommune.no)



Foto: Morten Ugelvik

Kringlevatnet (www.sula.kommune.no)

Sjø:

Resipientkartlegging utført av NIVA i 2004 og 2012 viser at

- Vassutskiftinga i fjordana er god, med unntak av terskelfjorden Mauseidvågen
- Vasskvaliteten er jemt over “meget god” i heile fjordområdet. Unntaka som gjeld Sula kommune er følgjande:
 - *Dårlege oksygenforhold i Mauseidvågen. Det grunne innløpet fører til redusert fornying av vatnet, noko som gjer at det lett oppstår oksygenproblem.*
 - *Høg bakteriekonsentrasjon utanfor Langevåg.*
- Fjæra på dei fleste prøvetakings-stasjonane var frisk, men med lågt artsantall. Botnområdet ved utsleppspunkta i Langevåg (U1), Mauseidvåg (U2) og Solavågen (U4) var prega av kloakkutslepp. Det blei også observert gjennomslag av avløpsvatn til overflata ved fleire av anlegga.

Ferskvatn:

Med unntak av Vågevatnet der det blei gjort ei kartlegging av miljøtilstanden i 1993, så er ikkje miljøtilstanden i dei ulike vatna i Sula kommune kjent.

Vågevatnet er lagdelt med tungt saltvatn på botn og lettare ferskvatn på toppen. Innsjøen har rote botnvatn, høg algevekst og tidvis utslepp av hydrogensulfidgass. Utslepp av kloakk blei i 1993 vurdert som den største kjelda til algevekst i Vågevatnet. Talet på direkte utslepp er redusert i forhold til i 1993, men fortsatt står det att nokre utslepp.

Storevalen og Solevågen (brakkvatn – poll) blir også vurdert til å vere ein sårbar resipient. Fire pumpestasjonar har overløpsutslepp til Storevalen og Solevågen.

SITUASJONEN I DAG

AVLØPSANLEGG

Brukinteresser:

Viktige brukinteresser er badeplassar både i ferskvatn og sjø, ulike typar naturområder og prioriterte naturtypar knytta både til resipientar i ferskvatn og sjø og inntak av sjøvatn til fiskeforedlingsindustrien.

Det mest problematiske i dag er utsleppa frå RA1 (U1) og RA2 (U2). RA1 ligg nær sentrum midt mellom to badestrender. Det blir ofte observert måker ved utsleppspunktet. RA2 har utslepp ikkje langt frå ein fiskeforedlingsbedrift. Utsleppa i Mausavatnet er i konflikt med bade- og friluftsinteresser.

Standard på tenestene:

Sula kommune har tatt i bruk Norsk Vann sitt måle- og vurderingsverktøy, bedreVA. Verktøyet skal gi ei vurdering av standarden på tenestene i kommunen, samt grunnlag for å vurdere kostnadene i forhold til andre tilsvarende kommunar.

På avlopssida er resultata for Sula gode pr 2009. Kommune innfrir i stor grad dei krava som gjeld fram til 2013 (krav til dokumentasjon, tilknytingsgrad).

I 2009 fornva kommunen ca 1,2 % av spillvassnettet. Ca 0,8 % av spillvassnettet blei fornva frå 2006-2009.

Sula er den kommunen i prosjektet som har dei nest lågaste totalkostnadene i kr/innbyggjar (på avlopstenester). Sula kommune har også lave årsgebyr for vatn- og avlopstenester.

Organisering og administrasjon:

Driftseining for prosjektering, bygg og drift (PBD) har ansvar for utbygging og drift av kommunal infrastruktur (bygg, veg, VA, park og uteområder) og brannvern. PBD har i tillegg til leiar tilsett 4 ingeniørar. Totalt arbeider 3 stillingsheimlar (ingeniører) med VA-saker. Utstyrken har 4 fagarbeiderar og ein formann. Formannen bruker berre deler av tida si på VA-anlegga.

Økonomi:

Gjennomsnittleg investeringsnivå i Sula kommune dei siste 5 åra har vore ca 3,3 mill kr/år.

I 2011 investerte kommunen for ca 5 mill kr. I 2012 investerte kommunen for 10 mill kr. For 2013 er investeringsbudsjettet auka til 20 mill kr.

Drifts- og vedlikehaldsbudsjettet i 2012 var på ca 2,9 mill kr. I 2013 er drifts- og vedlikehaldsbudsjettet satt til 3,1 mill kr.



Foto: Reidar Helgesen

Flaum i Molværselva (www.sula.kommune.no)

SITUASJONEN I DAG

Transportsystem:

Dei eldste avløpsleidningane som har registrert alder i Sula er frå 1965. Dagens avløpssystem består av om lag 200 000 meter med leidningar.

Hovudtyngda av nettet består av separatsystem, jf kart på s. 9. Bare om lag 12 000 meter er fellessystem.

Reinseanlegg:

Sula kommune har i dag to reinseanlegg, RA1 i Langevåg og RA2 på Fiskarstrand. Begge anlegga er siler av type Masko-Zoll. Dette er reine silanlegg som ikkje vil kunne klare krava til primærreinsing. Det er berre ei reinseline på kvart anlegg. Mykje avløpsvatn går ureinsa i fjorden når det er tekniske problem på silanlegga.

I tillegg til RA1 og RA2 er det også utslepp til fjorden frå Sunde (U3), Eikrem (U4), Kvasneset (U5/U6) og Sulebust (U11).

Overløp:

Sula kommune registrerer pr i dag ikkje utslepp frå overløp. Kor mykje avløpsvatn som blir sluppe ut til resipientene via overløp er difor ikkje kjent. Det finnes 22 overløp i kommunen. Alle, bortsett frå to i tilknytning til reinseanlegga, er knytta til pumpestasjonar. For å få ned overløpsdriften er det difor viktig å få separert ut så mykje overvatn som mulig.

Fremmedvatn:

Det finnes nokre områder i kommunen kor det er kjent at fremmedvatn er eit problem. Dette skuldast truleg at områda ikkje er separert tilstrekkeleg. I tillegg blir det ført overvatn frå eksisterande separatsystem inn på nedstrøms felles system. Ei viktig oppgåve er difor å få ført mest mulig overvatn til resipient.

Abbonantar som ikkje er tilkopla offentleg avløp:

Sula kommune har pr. i dag 550 abonnentar med slamavskiljar som ikkje er tilkopla offentleg avløp.





Foto: Reidar Helgesen

Vassetvatnet (www.sula.kommune.no)

SITUASJONEN I DAG


Status for avløpssystemet:



NY HOVUDSTRUKTUR FOR AVLØP

Kommunestyret i Sula vedtok 10.05.2012 ny hovudstruktur for avløp basert på følgjande tiltak:

- RA1 Langevåg fortsatt drift. Oppgraderes for å tilfredsstille primærreinsekrav.
- RA2 Fiskerstrand bygges om til pumpestasjon. Overføres til nytt primærreinseanlegg RA14 ved Sunde
- SA3 Eikrem fortsatt utslepp til god sjøresipient via slamavskillar
- SA11 Sulebust utslepp til god sjøresipient via slamavskillar



Overføring fra RA2 Fiskerstrand til nytt reinseanlegg RA14 ved Sunde

I tillegg legg kommunestyret i sitt vedtak vekt på at arbeidet med tilkopling til avløpsleidning held fram som skissert i planen. Ved prioritering av stader for sanering skal det tas omsyn til vassdirektivet sine krav til miljøtilstand og til fiskeindustrien

HANDLINGSPLAN OG GEBYRUTVIKLING

Handlingsplan er elles basert på tiltak innafor følgjande kategorier:

- Administrative tiltak:
Utarbeiding av rutiner, lokale forskrifter, avtaler om påslepp, m.m. Tiltak som gjennomføres administrativt, i hovudsak med eige personell.
I handlingsplanen er det også lagt til grunn tilsetting av ny ingeniør og driftsoperatør for å få tilstrekkeleg kapasitet til å gjennomføre planlagte tiltak.
- Drifts- og vedlikeholdstiltak:
Resipientkartlegging og miljøovervaking, reduksjon av fremmedvatn og feilkoplingar, røyrintspeksjon, prøvetaking, drift av reinseanlegg og leidningsnett.
- Plantiltak:
RoS-analyser, beredskapsplanar, saneringsplanlegging, vurdere konsekvenser av klimaendringar.
- Investerings tiltak:
Gjennomføring av ny hovedstruktur for avløp med bygging av reinseanlegg og overføringssystem, tiltak for å kople private anlegg til offentleg nett, tiltak for å fjerne direkte utslepp og for å redusere overløp.

Gebyrutvikling:


Dei største investeringane dei nærmaste åra er knytta til utbygging og drift av kommunale reinseanlegg, i tillegg til tilknyting av private anlegg til offentleg nett.

Det er lagt til grunn årleg auke i folketalet på 2,2%.


Tabellen viser forventa utvikling i gebyrnivå:

| | 2011 | 2015 | 2020 |
|------------------------------------|--------|--------|--------|
| Gebyr (kr/m ³) | 4,05,- | 6,80,- | 7,00,- |
| Abonnementsgebyr (kr/år) | 1290,- | 2800,- | 3000,- |
| Gebyr ”normal hushaldning” (kr/år) | 2732,- | 5221,- | 5492,- |

GEBYRUTVIKLING



Grafen viser utviklinga i gebyr og dekningsgrad for utbygging av ny hovudstruktur for avløp (utan tilskot til private stikkledninga).



Grafen viser fondsutvikling for valgt strategi for utbygging av ny hovudstruktur for avløp (utan tilskot til private stikkledninga).